

HØYLANDSNUTEN - LYSENUTEN - STEINFJELLET

Turframlegg 2:

Etne IL sitt opplegg.

Høylandsnuten fyrst

Ta av frå E-134 i Mosvingen ca 1.5 km frå Etne sentrum og køyr til du ser skilt "Rusvegen". Etter 3-4 km til fjells på brukbar grusveg i 3 - 4 km (hugs kr 35.- i bompengar) kjem du til ei innhegning der ein kan parkera. Følg vegen/stien opp rett fram til du møter turiststien. Du ser Høylandsnuten kneisa til venstre. Merk: det er ofte blaute parti i løypa. Med jamt tempo utan særleg pause brukar du ca ein time til toppen. Rett nedanfor deg i nord ser ein no Høylandstosko - eit flott fjellvatn lik dei du ser i naturprogram på TV.

Fin sti mot Lysenuten

Frå nuten går det sti så og seia rett mot sør. Du ser Lysenuten langt der framme. Med jamnt tempo er du på Lysenuten etter ca 75 minutt. Ta med kart - det gjer turen rikare. Du passerer mange nydelege fjellvatn og det er alltid kjekt å vita kva dei heiter. Mellom desse nutane kan du gå tørrskodd i joggesko store delar av året. Om vinteren er det til tider flott å spennja på skia, då det er mange flotte, flate parti.

Mot Steinfjellet i myr

Frå Lysenuten er det heller bratt ned mot myra nord for Lysevatn som du har i sør til venstre for deg, men her er merka løype. På ski går det radigt over myra til Steinfjellet i nordvest. Går du på stien retning Etne på sommarføre kan det lønna seg å gå heilt attende til Kattastølen før du kjem på stien du følgde då du starta, men no tek du til venstre og du brukar ca 50 minutt bort til Steinfjellet. Då har du skrive deg inn i tre av Etne IL sine bøker. Du kan gå svakt til venstre nedover for å kutta vegen ned til parkeringsplassen. Du står fritt til å ringa Gisle Sellevold **4733 9600** om du lurar på noko.

GOD TUR!